

VALKOMITEENS INNSTILLING TIL ÅRSMØTET I FAP 2013

VAL TIL DET NASJONALE STYRET I FAP

Valkomiteen som vart sett ned på årsmøtet våren 2012 var sett saman slik:

- Vigdis Kristiansen (HiST)
- Bjørn Inge Kvinlaug (UiA)
- Elisabet Veland (HiB)

Kristiansen gjekk ut av komiteen i slutten av 2012 då ho ikkje lenger var medlem i FAP.

FAP sitt styre har i 2012 vore følgjande:

Leiar: Kjersti Sørлие Rimer UMB

Bente E. Holmen	UiA
Jon Nornes	UiO
Håvard Ravn Ottesen	HiST
Iris Sigdestad	UMB

1. vara: Kjersti Forbregd NTNU

2. vara: Hans-Petter Isaksen UiB

Dei som er på val ved dette årsmøtet er leiar Sørлие Rimer, Nornes, Sigdestad og varamedlem Forbregd. Styremedlemmene vert valde for ein toårsperiode.

Valkomiteen arbeidde etter rettesnorenene

- kontinuitet
- kjønnsbalanse
- fordeling universitet / høgskolar / andre institusjonar
- fordeling regionar
- stillingskategori
- engasjement

Dei som ikkje er på val representerer UiA, HiST og UiB (vara), begge kjønn, og har ulike stillingskategoriar. Både høgskole og universitet er representert, og den geografiske spreinga er bra.

Det vart sendt ut mail med førespurnad om framlegg til kandidatar, til kontaktpersonar i FAP 2012 i følgje liste på FAP sine nettsider under forskerforbundet.no

Valkomiteen fekk *eitt* framlegg til ny representant til styret på grunnlag av denne førespurnaden. Vidare vart noverande styremedlemmer som er på val, spurde om dei ønskjer å stilla til attval.

Ved dette valet skal årsmøtet også velja leiar. Noverande leiar, Kjersti Sørлие Rimer, har i ulike FAP-samanhengar signalisert sterkt at ho ikkje har ønskja å stilla til attval. Valkomiteen vil derfor takka Kjersti Sørлие Rimer for stor innsats og svært godt engasjement i tida ho har vore leiar for FAP!

Som ny leiar foreslår valkomiteen noverande nestleiar Iris Sigdestad. Sigdestad har lang erfaring som medlem i styret, har stort engasjement og god oversikt, og ho har også tidlegare vore leiar. Valkomiteen er derfor svært nøgd med at Sigdestad sa ja til å stilla som valkomiteens leiarkandidat! For ordens skuld kan det nemnast at det ikkje vil vera aktuelt for henne å stilla til attval om to år, då ho då går av med pensjon.

Valkomiteens framlegg til nytt styre har

- god kjønnsbalanse
- representasjon frå HiB, HiST, NTNU, UiA, UiB, UiO og UMB
- representantar frå ulike stillingskategoriar og også den tekniske gruppa
- god kontinuitet
- solid kompetanse

Valkomiteen ser på desse kandidatane som dyktige representantar for medlemmene i FAP.

I valkomiteens framlegg er det ein person som er ny i høve til noverande styre – her følgjer ein presentasjon av henne:

Nina Parmann

Nina Parmann, 52 år. Sosiolog med tilleggsutdanning i mediekunnskap og markedsføring. Jeg har stort sett gjennom hele min yrkeskarriere jobbet med kommunikasjon, markedsføring og ledelse, blant annet som kommunikasjonssjef og prosjektleder for en rekke statlige informasjonskampanjer. Foruten 12 år ved NHHs kursvirksomhet på 1980 og 1990 tallet har jeg jobbet innen energisektoren frem til jeg begynte som prosjektkoordinator ved Høgskolen i Bergen i august 2011.

Da jeg etter en lang pause fra høgskolesektoren ble ansatt ved Høgskolen i Bergen, meldte jeg meg umiddelbart inn i FF og litt senere i FAP. Jeg ser frem til å engasjere meg mer i fagforeningsarbeid, og finner FAP som en naturlig arena for et engasjement.

Valkomiteen ønskjer å knyta to merknader til arbeidet:

- Valkomiteen bør bestå av fire personar, slik at komiteen vert mindre sårbar i høve til om nokon melder seg ut av foreininga, slik som har vore tilfelle dei siste to periodane.
- Vi saknar engasjement kring det å verta styrerepresentant: Det at medlemmene stiller til attval tyder jo på at det er interessant å delta, men kva er årsaka til at det er så vanskeleg å rekruttera nye? Det burde vore av interesse for lokallag å ha representantar inne i styret, men valkomiteen får nesten ingen respons når ein etterspør framlegg til kandidatar. Valkomiteen vil altså oppmoda lokallaga til aktivt å fremja representantar til FAP-styret.

Framlegg til styre for 2013

Styrets leiar:	Iris Sigdestad	UMB	
	Kjersti Forbregd	NTNU	
	Bente E. Holmen	UiA	<i>(Ikkje på val)</i>
	Jon Nornes	UiO	
	Håvard Ravn Ottesen	HiST	<i>(Ikkje på val)</i>
1. vara:	Hans-Petter Isaksen	UiB	<i>(Ikkje på val)</i>
2. vara:	Nina Parmann	HiB	

Styret konstituerer seg sjølv, bortsett frå leiarrolla.

Valkomiteen, Bergen/Kristiansand

27. februar 2012

Bjørn Inge Kvinlaug

Elisabet Veland